

## Utmark i endring: Innleiing til temanummer av Tidsskriftet Utmark

Eirik Magnus Fuglestad<sup>1</sup> og Marianne Singsaas<sup>2</sup>, gjesteredaktører

<sup>1</sup> Ruralis - Institutt for rural- og regionalforskning

<sup>2</sup> Telemarksforskning

Dette nummeret av *Tidsskriftet Utmark* er eit produkt av forskningsprosjektet *Norsk Utmark i Endring: mellom tradisjonelt landbruk, moderne konsum og grøn industrialisering*. Dette prosjektet har vore leia av Ruralis og vart finansiert av Norges forskningsråd. Med eitt unntak er alle artiklane som følgjer resultat av forskning og refleksjonar som er gjort i samband med dette prosjektet. Det er også slik at det er ein artikkel publisert i førre nummer av *Tidsskriftet Utmark* (Fuglestad, 2023a) som høyrer inn under forskningsprosjektet, og som tematisk sett høyrer inn i dette nummeret. Me som er gjesteredaktørar for dette nummeret av *Tidsskriftet Utmark* har hatt sentrale roller i prosjektet *Norsk Utmark i Endring*. Før me presenterar artiklane vil me difor gjera kort greie for bakgrunnen for prosjektet. Det vil seie: kva for utfordringar og problemstillingar er det prosjektet, og dimed artiklane i dette nummeret, spring ut frå?

På eit overordna nivå handlar dette prosjektet om prosessar og konfliktar i den norske utmarka, med særleg vekt på utfordringar knytt til sosial berekraft i samband med det grøne skiftet. Som me veit har utmark ei lang historisk tilknytting til jordbruket som eit viktig supplement til innmarka på gardane. Dei store utmarksområda var svært viktige i eit land der innmark og dyrka jord er ein knapp ressurs. Både eigedomsrettar og brukerrettar i utmarka vart i stor grad etablert gjennom sedvane og prinsippet om «alder tids bruk» (Bull, 2010). Men tida og tilhøva som det heter i fjellova endrer seg. Bondefamiliene er færre og landbruket så vel som andre brukere ser på utmarka med andre øyne. Sjøl om utmarka framleis er viktig for tradisjonelle næringar og aktivitetar som beitebruk, skogbruk, jakt, og fiske, ser me ei auka interesse frå aktørar innen industri som vind- og vasskraftproduksjon og gruvedrift.

I dag står utmarka difor framfor ein ny fase av industrialisering som er driven av visjonane om eit grønt skifte. Medan det allereie på 1700-tallet vart utvikla industri i form av gruvedrift i fjella, la temmingen av fossane frå starten av 1900-tallet hovedgrunnlaget for industrialiseringa og moderniseringa av det norske samfunnet, og vart av stor betydning for mange norske lokalsamfunn (Rusten, 2013). I dag står me altså andsynes ei tredje industrialiseringsbølgje av utmarka. Ei storskala industriell bruk av utmarka ved vindkraftproduksjon og gruvedrift (Church & Crawford, 2018; NGU, 2019) kan få stor innverknad både på natur og samfunn og på forholdet mellom folk og natur.

Allereie har behovet for å gjera noko med klimaendringane og leiande aktørars visjon om at Noreg skal bli Europas "grøne batteri" legitimert omstridt vindkraftutvikling i utmarka (Otte et al., 2018). Mange kommuner er ivrige etter å utvikla vindkraft, men kritiske røyster stiller spørsmål ved mangelen på heilsakleg planlegging i desse prosessane, og lisensieringsprosessane har blitt kritiserte for mangel på åpenhet (Inderberg et al., 2019). Vindkraftindustrien møtar auka motstand frå naturvernalar, reindriftsutøvarar, jegrar, og den veksande turistsektoren. Mykje det same har vore høve for ny interesse for gruvedrift. Me kjem likevel ikkje utanom at om ikkje motvekst (Fuglestad, 2023b; Pedersen, 2022) blir eit politisk fronta alternativ, må Noreg finna alternativ til olje for å sikre framtidig økonomisk velstand. Gruvedrift og vindkraft er to sentrale alternativ, og begge desse har utmarka som utgangspunkt. Det er likevel ikkje berre det grøne skiftet som har vore ein viktig bakgrunn for prosjektet og dermed også for dette nummeret av *Tidsskriftet Utmark*.

---

Rurale område og den norske utmarka har nemleg også sidan 1990-tallet i aukande grad vorte framstilt som stader der ei veksande bybefolking kan utøva naturbaserte fritidsaktivitetar (Perkins, 2006; Rønningen & Flemsæter, 2016). Med store hytteutbyggings og auka ferdsel, hevdar nye aktørar dimed også interesser i utmarka (Singsaas & Gundersen, 2021). Allemannsretten og den breie tilgangen til jakt og fiske bidreg til utmarkas bruksmessige, kulturelle og symbolske betydning for mange menneske som ofte brukar utmarka på andre måtar enn på den tradisjonelle agrare måten. Sentralt er òg at innmark og utmark-dikotomien er avleidd frå dei typiske bondesamfunnas måter å strukturere omgjevnadene sine på. Omgrepa speglar ikkje korleis jeger-samlere eller andre mobile grupper bruker naturlandskap (Bergstøl, 2005), og tilslørar ofte samisk migrerende arealbrukspraksis i Skandinavia (Joks et al., 2020).

Bidraga i dette nummeret består av åtte fagfellevurderte artiklar og fire populærvitenskaplege artiklar, eller essays. I prosessen med dei fagfellevurderte artiklane har me gjort det slik at fagfellevurderinga i stor grad (men ikkje alltid) vart gjort internt i prosjektgruppa. Fagfellevurderinga har såleis ikkje vore «blind» eller anonym, slik som ofte er vanleg i slike prosessar, men derimot heilt åpen. Me redaktørane ser ikkje dette som noko problem for den vitskaplege kvaliteten på verken tilbakemeldingane eller på sjølv artiklane, snarere tvert imot – denne metoden inviterer til openhet, ansvarskjensle og vekt på velbegrunna og konstruktive tilbakemeldingar. Alle artiklane har sjølv sagt også vore til redaksjonell vurdering hjå oss – og i tillegg har dei vore til gjennomlesing hjå den faste redaksjonskomiteen i *Tidsskriftet Utmark*. Slik meiner me at den vitskaplege standarden på dei fagfellevurderte artikklane er godt ivareke.

Denne utgåva av *Tidsskriftet Utmark* består altså av både fagfellevurderte og populærvitenskaplege essays, og for å starta på ei oppsummering av dette nummeret vil me først trekka fram to fagfellevurderte artikklar og eit essay som har fått fram tre forskjellige, men likevel samanhengande sider av nedskytinga av villreinen i Nordfjella etter oppdaginga av såkalla *skrantesjuke* (CWD) i 2016. Marianne Singsaas skriv i sin artikkel *Biosikkerhetsregimet inntar utmarka* om korleis handteringa av CWD utbrotet var prega av frykta for smitte til andre dyr og til menneske. Singsaas peiker på at dette førte til at eit biosikkerhetsregime vart innført med bruk av veterinærvitenskapleg argumentasjon, og at lokalsamfunn og -forvaltning rundt Nordfjella var tilsidesette. Slikt skapar ikkje tillit mellom styresmakter og lokalsamfunn. På liknande vis har Frode Flemsæter og Marianne Singsaas argumentert i artikkelen *Sosiale sumeffekter i utmarka*. Her viser dei to forfattarane korleis gjennomføringa av naturforvaltingstilltak kan få utilsikta effektar i form av sosiale og kulturelle konsekvensar – det dei kallar sosiale sumeffektar. Også i denne artikkelen er det villreinen i Nordfjella, men her saman med laksen i Lærdalselva, som er utgangspunktet for drøftingane. Negative sosiale sumeffektar, seier Flemsæter og Singsaas, kan vera med på å bryta ned tillit mellom lokalsamfunn og forvaltning. Og som dei skriv: «Når tilliten mellom aktørene svekkes, så ser vi også at relasjonene mellom lokalbefolking og naturmiljøet destabiliseres». Ei slik destabilisering av relasjonane mellom lokalsamfunn og naturen fann stad ved nedskytinga av villreinen i Nordfjella i 2017, og i essayet *Elegi: om sorg, tap og tid til å takle tomme fjell*, skriv Bjørn Egil Flø om den store sorga som mange kjente på etter denne nedslaktinga. Flø viser til korleis det er viktig med tid og bearbeiding, og sier at å anerkjenna dette også er viktig for tilliten mellom lokalsamfunn og forvaltning.

Relasjonar og konfliktar mellom menneske og natur, men også mellom forskjellige interesser og mellom sentrum og periferi er tematikken i artikkelen til Majken Paulsen, Camilla Risvoll, Arild Gjertsen og Aase Kristine Lundberg. *Om det å rope i skogen: ulike stemmer i Nordlands utmark* tek utgangspunkt i forvaltingssituasjonen for utmarka i Nordland. Utmarka i Nordland ligg administrativt sett mellom Fjelllova som er brukt i Sør og Midt-Noreg, og Finnmarkslova, men det er for tiden store diskusjonar om eit nytt forvaltningsregime. Her viser forfattarane at kryssande konfliktlinjer, både på sentrum-periferi aksen og mellom lokale aktørar samt i form av uavklarte samiske rettigheter gjer situasjonen fastlåst. Det er her i stor grad snakk om verdikonfliktar og forskjellige syn på kva som er rett bruk og forvaltning – ja på kven som har rettar og rett i utmarka.

Dette er noko som også Frode Flemsæter er inne på i sin artikkel *Retten til rettferdiggjering i utmarka*. Her skriv Flemsæter eit personleg og utradisjonelt akademisk essay med utgangspunkt i bestemor hans si bruk av utmarka

---

og hans eigne erfaringar som utflytta bondeson og akademikar. Flemsæter viser korleis mange av konfliktane i utmarka no oppstår fordi det er ei spenning mellom dei «gamle» felles bruksrettane som folk gjer hevd på, og nye aktørar som ofte krev eksklusiv bruk til eit bestemt areal. Med endra makt og interesseforhald i utmarka må me sjå kritisk på kven det er som får rett til å rettferdigjere sin bruk av utmarka, skriv Flemsæter. Noko av grunnen til at det har blitt slik er som Flemsæter skriv at: «synet på kva utmarka djupast sett er har endra seg med inntoget av nye aktørar og nye interesser».

Nett denne siste observasjonen er også utgangspunktet for Eirik Magnus Fuglestad og Bjørn Egil Flø sin artikkel *Eit sosial-ontologisk blick på konfliktane i utmarka*. Artikkelen handlar om det som kallast for utmarkas sosiale ontologi, altså kva som djupest sett ligg til grunn for verkelegheita, og om korleis denne ontologien spelar seg ut i den daglege praksisen og forvaltinga av utmarka. Fuglestad og Flø argumenterer for at etter fleire tusen år med agrar dominans, der jordbrukets interesser og behov har vore mesta einerådande, er det no forskjellige og konkurrerande ontologiar om kva utmarksområda eigentleg er. Med dette melder spørsmålet seg om me eigentleg kan og bør snakka om utmark lenger i forvaltning, forsking og politikk. For det kan skjula og tåkelegga, meir enn det klargjer for dei mange konfliktane som finn stad.

Ei av dei mest tidsaktuelle av desse konfliktane er tema i Katrine Broch Hauges artikkel *Fosen-saka og norsk utmarksforvaltning i det det grøne skiftet*. Gjennom ei juridisk analyse av Fosen-dommen, HR-2021-1975-S, peiker ho på dei mange spenningane mellom lokalt, nasjonalt og internasjonalt lovverk for den grøne omstillinga. Fosen-dommen er eit eksempel på korleis menneskerettane kan gi absolutte føringar for kva omsyn ein må ta i forvaltninga av utmarka der det er samiske interesser. Eit anna eksempel på internasjonale føringar er naturavtala («Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework»), som vil påverka norsk natur- og utmarksforvaltning sterkt i framtida. Det vil òg nye krav frå EU om raskare prosjektgjennomføring for energitiltak. Broch Hauge peikar på at desse endringane kan sjåast som ein kontrast til den norske utviklinga der lokaldemokratiet er styrka, og spør om den norsk forvaltinga med dette har lagt til rette for å få til den heilskaplege tilnærminga som er etterspurt både i Fosen-dommen og naturavtalen.

Lovverk knytta til det grøne skiftet er også tematikk i Eirik Magnus Fuglestad sin artikkel *Då utmarka fekk grunnrenteverdi*. Artikkelen er frå førre nummer av dette tidsskriftet, men den høyrer tematisk til i dette nummeret. I artikkelen diskuterer Fuglestad korleis lovverk for fordeling av grunnrente frå utmarka var med på å skapa sosial berekraft ved å halde verdiar og rettigheter til viktige ressursar i lokalsamfunna i distrikta. Fuglestad held føre at framtidig forvaltning av utmarka må ha deling av grunnrenteverdien frå utmarksressursane som prinsipp dersom me skal gjennomføra eit sosialt berekraftig grønt skifte, der ulikskap mellom sentrum og periferi blir bøta på. Dette kan bidra til større kjensle av rettferd i utmarksommunar i periferien overfor sentrum, til betre kommuneøkonomi i utmarksommunar, og til at me verdsett naturressursane i større grad.

Dei mange endringsprosessane som skjer i utmarka, og særleg det grøne skiftet, er også tema i Katrina Rønningen sin artikkel *Lokalt og globalt arealpress i utmarksommuner*. Rønningen brukar Fosen-Orkland regionen i Trøndelag for å visa korleis eit mangfold av konfliktar knyt til både turisme, landbruk og industri spelar seg ut og utfordrar kommunane sin kapasitet til handtera dei mange utfordringane. Artikkelen visar at auka privatisering av det som tidlegare var sett som felles gode er eit tydeleg trekk som følgjer med utfordringane i utmarka. Samstundes med dette skjer store naturtap og oppsplitting av tidlegare samanhengande natur eller beiteområde som særleg rammar migrerande artar som reinen, vill som tam. Som ei mogleg løysing føreslår Rønningen bruk av regionalt samarbeidsforum for arealsaker som vindkraft og hyttebygging for å sjå arealbruken i samanheng. Fordelinga av gode og ulempe frå aktivitetane bør og inn her.

Det eine bidraget som ikkje spring ut frå prosjektet *Norsk Utmark i Endring*, er Westholm sitt essay om vindkraft i Sverige frå prosjektet *BIOSHARE*, som Ruralis òg er prosjektleiar for. Me har valt å ta dette essayet med, av di det gjev eit interessant blick på situasjonen i nabolandet vårt. Westholms artikkel gjev ei oversikt over politiske idéer og regelverk som avgjer korleis vindkraft etablerast i Sverige. Sverige fekk i 2022 ei borgarleg regering som

---

signaliserte eit aukande nasjonalt fokus i klima og miljøpolitikken. Vindkraft vart nedtona med bakgrunn i manglende sosial aksept i lokalsamfunna, mens kjernekraft blei løfta opp som løysning på behovet for meir elektrisitet. I Sverige har ein, som i Noreg, og skifta fokus til havvind, men mange av desse prosjekta ligg i område der dei kjem i direkte konflikt med andre samfunnsinteresser. I 2024 skal den svenske regeringa legge fram forslag til ein ny energipolitikk, og 2024 kan bli eit lagnadsår for vindkraftutbygging i Sverige.

Camilla Sandstrøm utfordrer oss i sin artikkel *Green transformation or green colonialism – contrasting perspectives on how to address the climate and nature crisis*, til å sjå på den “grøne omstillinga” i Noreg og Sverige med eit kritisk blikk. Kven eig jorda desse prosjekta skal byggjast på? Er fjellet og skogen privat grunn der grunneigar kan gjere som han vil, eller er dei felles ressursar som alle har rettar til? Globalt ligg 53 % av nye gruveprosjekt for “grøne” mineral på urfolksland, og 33 % på jordbruksareal (Owen et al., 2023). Sandstrøm viser til at fleire urfolk og også lokalsamfunn difor har byrja tala om dei “grøne” prosjekta som *grøn kolonialisering*. I ei samanlikning av antroposentriske og økosentriske tilnærmingar til naturressursar, trekker Sanstrøm fram samisk reindrift som eit eksempel på det siste. Ho syner korleis reindrift ikkje berre er ei økonomisk aktivitet, men ein måte å leva på, som representerer tradisjonar, familie, identitet og ei tilknyting til naturen. Ho peikar òg på at ein må identifisere politiske verkemiddel som for det fyrste anerkjenner både norske/svenske og samiske landrettar og som for det andre byggjer bru mellom antroposentrisme og økosentrisme, og som lagar eit robust og sosialt rettferdig system for forvaltning av naturressursar i samanheng med den grøne omstillinga.

Til slutt i denne utgåva legg to nestorar i norsk utmarksforskning fram sine tankar i form av populærvitenskaplege artiklar. Terje Skjeggedal sin artikkel *Utmarksbeite eller hyttefelt – utfordringer for arealplanlegging*, diskuterer korleis arealplanlegging etter plan- og bygningslova kan bidra til å løye konfliktar mellom hyttefelt og utmarksbeite. Skjeggedal skuldar planlegginga av hyttefelt for å vere “overflatisk og lettvinne”, og meiner at både lokalisering og utforming av både hytter og hyttefelt ofte er problematiske. Det same gjeld vegane fram til hyttene, som ofte får lite merksemrd. Planlegginga må rett og slett bli betre, og det må skje ved at ein ikkje styrer unna konfliktar, men derimot aksepterer dei og brukar dei konstruktivt. Skjeggedal peikar og på fleire andre planredskap som må nyttast betre; innsigelser, regionalt planforum, planprogram og konsekvensutgreiingar, som alle må aktiverast i ei fleir-nivåstyring der alle, òg beitebrukarane, er med og legg eit solid kunnskapsgrunnlag for prosessar og planlegging. Aller sist inviterer Tor Arnesen til debatt med artikkelen *Klima, fjellene og den nye demografien*. Arnesen spør om verda kan forventa betydeleg migrasjon – frivillig eller nødvendig – som følge av klimautviklinga, og kva for klimarelevante push- og pull-faktorar som då vil være styrande for ein ny demografi? Dette vil vera avhengig av klimautviklinga. Paris-målets gjennomsnittlege globale temperaturauke på  $1,5^{\circ}\text{C}$  i 2100 er ikkje forlete i COP28, men resultata frå COP28 er uforpliktande når dei enkelte land skal mælda nasjonalt fastsette bidrag til utsleppsreduksjon. Så, kva skjer om me forlenger dagens utslippsstrend? Då styrer verda mot en temperaturauke på ei stad mellom  $2,2^{\circ}\text{C}$  og  $3,5^{\circ}\text{C}$ . Som samfunnsforskarar bør me undersøka heile spennet frå  $1,5^{\circ}\text{C}$  til  $3,5^{\circ}\text{C}$  i 2100 for å forstå kva for verd me er på veg mot, skriv Arnesen. Dei fire trugsmåla som aukar med aukande global temperaturheving: brannar, hete, tørke og flaum, vil i framtida gjere delar av verda med stor del av klovens befolkning uleveleg. Eit resultat kan være stor migrasjon innan slutten av dette hundreåret, frå ulevelege områder. Kor kan emigrantane koma til å dra? spør Arnesen, og svarar sjølv: mellom anna og ikkje minst nordover på kloden. Skandinavias fjellområde og utmark har mykje plass til nye bebuarar og samfunn. Til dømes kan fritidsbustadane og -tettstadene våre, som i fjellområdet i dag er like mange som dei tradisjonelle bustad- og tettstadane i fjellet, i ei ny klimaframtid huse nye samfunn, ny utvikling? Arnesen spør seg, og oss, kvifor slike scenarioer og perspektiv ikkje er framme i politikkutviklinga for distrikta og utmarka i Noreg.

Som gjestedektorar ser me nokre hovudtrekk i bidraga i dette temanummeret som peikar på utfordringar for norsk utmarksforvaltning i tida framover. Ei av desse utfordringane er korleis forvaltninga skal håndtere effektane av dei mange og ofte konkurrerende aktivitetane i utmarka, som oppstår i brennpunktet mellom tradisjonell beitebruk, moderne turisme og grøn industrialisering. Me har sett at sosiale sumeffektar av desse aktivitetane kan få store konsekvensar for både tillit mellom folk og forvaltning, for lokalsamfunnas eigarskap og engasjement og

---

derfor òg for naturen. Samstundes har me sett at konfliktane ofte kan vera grunna i heilt forskjellige syn på kva utmarka er og skal vere, og på kva slag type rettar forskjellige aktørar skal ha. Sjølvsgart finst det ingen enkle løysingar på dette, men me redaktørane vil trekke frem det Chantal Mouffe (2013) kallar for eit «agonistisk» perspektiv. Dette kan vera noko abstrakt, men det handlar om å ta på alvor at konfliktar faktisk er grunna i relle og ofte uforeinelege interesse- og verdikonflikter, som folk er lidenskapeleg opptekne av. Mouffe hevdar at den kjennslemessige eller affektive dimensjonen er av stor betydning i konflikter. I tillegg har ulike aktørar ulik type og mengde makt. Hennar fokus ligg difor på å einast om spelereglane for konfliktløysing og gløyme alle mål om å oppnå konsensus eller semje. Eit slikt perspektiv som ikkje prøver å tona ned konfliktar, men der aktørane anerkjenner dei andres interesser som legitimate, kan vera med på å skapa tillit mellom aktørane i utmarka og forvaltninga (Singsaas, 2014). Dette kan vera ein måte å skapa legitimitet på ved å på eit vis løysa opp det som ofte vert kalla ein post-politisk tillstand (Swyngedouw, 2010) ved å på nytt reelt sett anerkjenna dei forskjellige interessene som fundamentalt forskjellige, og som legitimate utrykk for ein interessekamp. Ei viktig utfordring knytt til desse prosessane er den sårbare sosial berekrafta og mangel på tillit til forvaltning og styresmakter i mange lokalsamfunn som er knytt til den norske utmarka. Vallance et al. (2011) har utfordra berekraftsomgrepet og omformulert ideen som eit sosialt imperativ som krev velinformerte, teoretiske robuste sosiale løysingar. Å ta inn at berekraft er meir enn bare eit miljøproblem, kan også vera eit skritt mot å gjenoppbygga trua på politiske beslutningsprosessar.

Resultata frå prosjektet *Utmark i Endring* slik dei ligg føre i artiklane i dette nummeret av *Tidsskriftet Utmark* søker å bidra til denne prosessen med å støtta og skapa meir sosialt berekraftige prosessar i utmarka, mellom alle typar brukarar og forvaltninga.

## Referansar

- Bergstøl, J. (2005). Cursing in the church. A discussion of the uselessness of the term “utmark” as the basis for ethnic studies. *UBAS International*, 1, “Utmark”-the outfield as industry and ideology in the Iron Age and the Middle Ages. Bergen
- Bull, K. S. (Ed.). (2010). *Natur, rett, historie*. Akademisk Publisering, Oslo
- Church, C., & Crawford, A. (2018). Green Conflict Minerals: The fuels of conflict in the transition to a low-carbon economy. *IISD report*. International Institute for Sustainable Development. [IISD.org](https://iisd.org)
- Fuglestad, E. M. (2023a). Då utmarka fekk grunnrenteverdi: om korleis ei meir aktiv forvaltning av grunnrenta frå utmarksressursane kan bidra til sosial berekraft mellom sentrum og periferi. *Tidsskriftet Utmark*, 1, 2023
- Fuglestad, E. M. (2023b). Mjølketank med klimastempel: jordbruk, økologisk modernisering og «motvekst». *Nytt Norsk Tidsskrift*, 40(2-3), 105-114. <https://doi.org/10.18261/nnt.40.2-3.3>
- Inderberg, T. H. J., et al. (2019). Who influences windpower licensing decisions in Norway? Formal requirements and informal practices. *Energy Research & Social Science*, 52, 181-191. <https://doi.org/10.1016/j.erss.2019.02.004>
- Joks, S., Østmo, L., & Law, J. (2020). Verbing meahcci: living Sámi lands. *The Sociological Review*, 68(2), 305-321.
- Mouffe, C. (2013). *Agonistics: Thinking the World Politically*. Verso, London, New York
- NGU. (2019). *Mineraler for det grønne skiftet*. NGU Tema nr-1. Norges Geologiske Undersøkelser.
- Otte, P., et al. (2018). Contested wind energy: discourses on energy impacts and their significance for energy justice in Fosen. In A. Szolucha (Ed.), *Energy, Resource Extraction and Society: Impacts and Contested Futures* (pp. 140-158). Routledge. <https://doi.org/10.4324/9781315397490>
- Owen, J. R., Kemp, D., Lechner, A. M., Harris, J., Zhang, R., & Lèbre, É. (2023). Energy transition minerals and their intersection with land-connected peoples. *Nature Sustainability*, 6(2), 203-211.
- Pedersen, J. (2022). Motvekst – en introduksjon. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 39(4), 305–316. <https://doi.org/10.18261/nnt.39.4.4>
- Perkins, H. C. (2006). Commodification: re-resourcing rural areas. In Cloke et al. (Eds.), *Handbook of Rural Studies* (pp. 243-257). Sage, London.

- 
- Rosten, G. (2013). The Hydropower industry – technology, regulations and regional effects. In G. Rosten, K. Potthoff, & L. Sangolt (Eds.), *Norway: Nature, Industry and Society*. Fagbokforlaget, Bergen.
- Rønningen, K., & Flemsæter, F. (2016). Multifunctionality, rural diversification and the unsettlement of rural land use systems. In Brown & Shucksmith (Eds.), *International Handbook of Rural Studies*. Routledge.
- Singasaas, M., & Gundersen, V. (2021). Fritidsbygg, friluftsliv og ferdsel i villreinområder: Sonering som forvaltningsredskap? *Tidsskriftet Utmark*, 1, 2021. <https://doi.org/10.18261/jytt.2021.01.04>
- Singasaas, M. (2014). Villrein i politiske landskap. Regional planlegging i Rondane. *Kart og plan nt*, 4(2014).
- Swyngedouw, E. (2010). Impossible Sustainability and the Post-political Condition. In M. Cerreta, G. Concilio, V. Monno (Eds.), *Making Strategies in Spatial Planning: Urban and Landscape Perspectives, vol 9*. Springer, Dordrecht. [https://doi.org/10.1007/978-90-481-3106-8\\_11](https://doi.org/10.1007/978-90-481-3106-8_11)
- Vallilance, S., Perkins, H., & Dixon, J. (2011). What is social sustainability? A clarification of concepts. *Geoforum*, 42(3), 342-348. <https://doi.org/10.1016/j.geoforum.2011.01.002>